Voss herad

Informasjonssikkerhet på norsk

Tor H. Halvorsen
stabssjef innbyggjarservice

Voss herad

56.000 angrep mot heradet sin brannmur frå Russland og Kina torsdag:

– Viktig å forstå risikoen

Voss herad, som alle andre delar av offentleg forvaltning, er eit stadig mål for cyber-kriminelle. Berre på 24 timar torsdag vart det registrert 56.000 angrep frå Russland og Kina mot heradet.

Geir Geitle
gg@avisa-hordaland.no

KJEMPAR MOT CYBER-ANGREP: – Angrepa frå cyber-kriminelle er ikkje avgrensa av landegrenser. Voss er i aller høgste grad involvert, anten me vil eller ikkje, seier Trond Myklebust (t.v.) og Tor Halvorsen. Dei orienterte heradsstyret torsdag. BEGGE FOTO: GEIR GEITLE

– Og dette er berre frå desse to landa. I tillegg kjem angrep frå fleire andre land, seier Trond Myklebust og Tor Halvorsen i Voss herad.

Dei fortel at angrepa frå cyber-kriminelle ikkje er avgrensa av landegrenser.

– Voss er i aller høgste grad involverte, anten me vil eller ikkje, seier Trond Myklebust, som er leiar for digitalisering og IT-ansvarleg i heradet.

Stadige digitale angrep

Torsdag orientere dei heradsstyremedlemene på Voss om trusselsituasjonen og korleis denne påverkar Voss herad. Dei viste fram ein illustrasjon som kunne sjå ut som fyrverkeriet frå Fleischer's nyttårsaftan, men som viste pågåande digitale angrep mot institusjonane og verksemdene våre.

I samband med at oktober er digital sikkerheitsmånad har Myklebust og Halvorsen hatt fleire foredrag for både leiarar og tilsette som handlar om korleis tilsette kan oppnå ein tryggare digital kvardag, både privat og på jobb.

– Berre denne veka har me hatt fem grupper inne på tre-timars kurs, fortel Tor Halvorsen som er stabssjef for informasjon og innbyggjarservice i Voss herad.

Vil ha tak i opplysningar

– No for tida er det stor merksemd på droneangrep. Men det er like viktig å ha forståing for risikoen og merksemd også på cyber-angrep, seier Halvorsen.

Målet til dei som prøver å bryta seg inn i heradet og andre sine digitale system, er å få tak i opplysningar.

Dei sel opplysningar til høgstbydande, bruker informasjonen dei får tak i som pressmiddel, eller dei kan lamma verksemder og institusjonar.

Avhengige av alle

– Og Voss står ikkje i noko særstilling. Liknande angrep føregår heile tida mot offentleg forvaltning og private verksemder, seier Myklebust.

Det pågår heile tida eit arbeid for å sikra strukturen til heradet mot eksisterande og nye trugsmål.

Trond Myklebust strekar under at å ivareta den digitale tryggleiken, ikkje berre er ein jobb for IT-avdelinga.

– Me er avhengige av at alle tilsette er med og lagar ein trygg kvardag både på jobb og privat.

Viktige tiltak

Dei trekkjer fram enkle tiltak som har stor effekt. Dei arbeider difor med å gjera tilsette i heradet meir bevisste på dette.

– Og då må me ikkje bruka ord som patching eller andre framandord som berre IT-folka skjønar. Skal me nå fram til alle, må me forklara det med norske ord som folk flest forstår, poengterer Halvorsen.

Viktige tiltak er enkle ting som å:

- låsa skjermen når ein går vekk frå maskina
- sjå til at ein ikkje bruker samme passordet fleire stader
- halda maskina oppdatert
- unngå å klikka på vedlegg og lenkjer som ser mistenkjelege ut.

ALLE MÅ PASSA PÅ: Innbrytarane er ute etter opplysningar, til dømes dei som finst på maskinene til rådmann Arild M. Steine (frå høgre), ordførar Hans-Erik Ringkjøb og formannskapssekretær Eldbjørg Lie Jørgensen.

> *Voss er i aller høgste grad involverte, anten me vil eller ikkje.*
> *Trond Myklebust, leiar for digitalisering og IT-ansvarleg i Voss heradet.*

INFORMASJON FRÅ DIGITALISERING & IT

Oktober er nasjonal sikkerheitsmånad. Det vil difor komma eit par mailar til i frå Prosjekt Digital Sikkerheit i samband med det simulerte phishingangrepet som blei utført i byrjinga av oktober. Tanken bak desse informasjonsmailane er både å gje kompetansehevande informasjon, men og førebu dei tilsette på tiltak som kjem eller allereie er innført.

«STOPP – TENK – TRYKK»

Får du ein mail som ser litt annleis ut? Stopp og tenk over om dette er ein mail som er reell. Kjem den frå nokon du kjenner? Ville IT eller andre ha sendt ut mail til deg som ser slik ut? På bileta under ser ein indikasjonar på kva som kunne ha røpa simuleringsforsøket – dette er punkt ein bør sjekke på alle mailar som triggar ein dårleg magefølelse.

Haldt musepeikar over og sjekk adressa til nettstaden ein blir sendt vidare til - ser denne kjend ut?



Dei spelar ofte på trykt eller at ting hastar slik at dei skal stressa deg til å trykkja vidare, raskt!

Er avsendar kjend? Forventar du å få mail frå avsendar? Er det vanleg av Voss herad å dela møtenotatar på denne måten, eller pleier det å stå kven som deler fikene med deg?

Har du trykt? Korleis opplevde du innloggingssida?

Når du har skrive inn brukarnamnet ditt for å logge på ei av dei som heilst teneste som autentiserar deg gjennom Microsoft, so blir ein vidaresendt til tilhøyrande Microsoft-miljø (tenant) for å skrive inn passordet. Dette passordbiletet kan kunden (altså me) tilpassa og utforma. Me har difor valgt å utforma denne med logo, farge og eigenlagd tekst.
Om du blir bedt om å skrive inn passordet ditt for å logge på ei Microsoft-teneste i Voss herad, so SKAL den sjå ut som det høgre biletet – om ikkje, so er du nok på ei falsk innloggingsside.

Innloggingssida ser i utgangspunktet reell ut og den har både Microsoft logo og vidaresending til ekte Microsoft-sider for oppretting av og endring av passord på eksisterande Microsoft-konto.



Me har utforma påloggingssida vår slik at det skal vere lett for deg å sjå at du loggar på Voss herad sin reelle Microsoft-tenant. Når du har skrive inn brukarnamnet ditt og skal skriva inn passordet, so skal sida sjå slik ut!

1 Voss herad sin farge i bakgrunnen
2. Logo
3. Informasjon i nedre del om at du no loggar på Voss herad sin



Vert du kvalm eller uvel av personvern, GDPR, kommunikasjon, informasjonstryggleik, passord, cyberangrep, digitalisering, systemforvaltning, ROS og DPIA, multifaktorautentisering, ransomware, phishing og spam?

Då er leiaropplæringa torsdag 22. september i Kultursalen i Voss kulturhus noko for deg.

Her skal du læra kvifor og korleis du kan lesa slike ord og framleis kjenna på motivasjon og digital arbeidsglede.

Om det brusar i kroppen av omgrepa, bør også koma. Me kan lova at det vil brusa endå meir etterpå.

Voss herad

Takk for meg

Tor H. Halvorsen
E-post: tor.h.halvorsen@voss.herad.no
LinkedIn: Tor H. Halvorsen
Telefon: 90829168